



NOTAT

Dato: 03.07.2015

Frå Kari Weltzien Vik

Vår ref: 15/123-4/N - 700//3933

Melding om vedtak HST- sak 049/15 Revisjon av Kvammapakken

Kvam heradsstyre har gjort følgjande vedtak i saka:

- 1.Kvam heradsstyre viser til brev frå Hordaland Fylkeskommune datert 13.februar 2015 vedrørande mogeleg revisjon av Kvammapakken for å få finansiert Fv7 Håfjellstunnelen.
- 2.Kvam heradsstyre ber om at alle prosjekta i Kvammapakken vert gjennomført, slik det er kommunisert frå vegeigar Hordaland Fylkeskommune til vegbrukarane.
- 3.Kvam heradsstyre ber vegeigar fremja forslag til finansiering av Fv7 Håfjellstunnelen frå Øystese til Fyksesund bru som alternativ til den relativt korte og kostbare vegparsellen Øystese-Laupsa/Skarpasvingen.
- 4.Kvam heradsstyre viser til dei viktige funksjonane Fv7 har, som med tillegg av lokale og regionale behov er ein viktig turistvegtrasè i Hardanger og ein viktig omkøyrings- og avlastningsveg for E16 Trengereid- Voss.
- 5.Kvam heradsstyre ber vegeigar Hordaland fylkeskommune vurdere samordning av brukarfinansiering for Kvammapakken og Vossapakko, grunna behovet for auka standard på Fv 7 som omkøyrings- og avlastningsveg for E16 Trengereid- Voss.
- 6.Kvam heradsstyre ber vegeigar Hordaland fylkeskommune vurdere samordning av brukarfinansiering og plassering av bomstasjonar dersom det vert innført brukarbetaling på "nye" E 16 Arna- Voss før avkøyring ved Trengereid til Fv7.
- 7.Kvam heradsstyre ber vegeigar Hordaland fylkeskommune fremja sak til politisk handsaming når nødvendige utredningar ligg føre.

Mottakarar:

Jan Tjosås